

Fra: jan-erik weinbach[weinbach1@gmail.com]
Sendt: 03.05.2023 19:10:27
Til: Postmottak Sogndal kommune[Postmottak@sogndal.kommune.no]
Kopi: marit vik[maltevik@gmail.com];
Tittel: Innspel til planarbeidet - Områdereguleringsplan for Rutlin/Ulvahaugen

Hei

Etter samtale med har eg gjort avtale med Ane Janzy Yde Aasen om å sende inn vårt innspel til saka på e-post.

Det gjeld Dalavegen 7, 21/57. Sjå kartfelt 1B <https://www.arealplaner.no/4640/arealplaner/310>
Av ein eller anna grunn er tomta vår, som tidligare også inkluderte Dalavegen 7A, 21/156 havna i to ulike reguleringsplanar.

I dag ligg Dalavegen 7A i felt B4 i <https://www.arealplaner.no/4640/arealplaner/258/fullskjerm>
og vårt hus/tomt Dalavegen 7 ligg B1 i Områdereguleringsplan for SOS-Trudvang-Prestadalen og omkringliggende område.

Husa er bygt vegg i vegg og vi deler oppkøysle. At husa og tomta ligg i to ulike områdeplanar opplevast som vilkårleg.

Utnyttingsgrad på toma vår i felt B1 Områdereguleringsplan for SOS-Trudvang-Prestadalen og omkringliggende område har utnyttingsgrad på 35 %.

Vi ser det som naturleg at utnyttingsgraden blir høgare for bustad områdereguleringsplan for Rutlin/Ulvahaugen og ynskjer sjølv sagt å ha ta del i same utnyttingsgrad som resten av nabølaget.
Vi kan tenkje oss å byggje eit sykkelskur/mc-garasje på tomta, men det trur vi ikkje let seg gjera om utnyttinggraden blir ståande på 35 %.

Når kommunen no ser på områdereguleringsplan for Rutlin/Ulvahaugen så rekna me med at utnyttingsgrad i dette området vil auke og at naboen vegg i vegg vil få justert utnyttingsgrad i samsvar med ny områdereguleringsplan for Rutlin/Ulvahaugen.

Vi skriv for å be kommunen om å vurdere å ta vår tomt (Dalavegen 7, 21/57) med inn i områdereguleringsplan for Rutlin/Ulvahaugen slik at husa som ligg på den same gamle Dalavegen 7 tomta får same utnyttingsgrad som ny områdereguleringsplan for Rutlin/Ulvahaugen.

Vi er einaste huset som ikkje er med i nabølaget B4
i <https://www.arealplaner.no/4640/arealplaner/258/fullskjerm>

Felt 1B, 3B og 4B utgjorde i si tid ei felles nabølag.

Mvh
Jan Erik Weinbach og Marit Kristin Vik

Mvh
Jan-Erik Weinbach
- Økonomiansvarleg -
Sogndal idrettslag
40 40 89 81



IDRETTSLAG

1926

Fra: Mads Jansen[mads.jansen@ovf.no]
Sendt: 03.04.2023 12:31:51
Til: Postmottak Sogndal kommune[Postmottak@sogndal.kommune.no]
Tittel: Sogndal pg - Ingen bemerkninger ved oppstart av planarbeid og høring av planprogram -
Områdereguleringsplan Rutlin/Ulvahaugen

Epost fra Opplysningsvesenets fond

Vår ref: 23/610

Deres ref: 2023/429-29

Vi takker for mottatt oppstartsvarsel.

Ovf har ingen bemerkninger ved oppstart, men ber om varsling ved kommende høringer.

Med vennlig hilsen
Opplysningsvesenets fond

Mads Jansen
arealforvalter

Adresse	Web
Post: Pb 535 Sentrum, 0105 Oslo Besøk: Rådhusgata 1-3, Oslo Telefon: 23 08 15 00	www.ovf.no

Fra: Sogndal kommune
Sendt: 29. mars 2023 00:00
Til: Mads Jansen
Tittel: Sogndal pg - Varsel om oppstart av planarbeid og høring av planprogram -
Områdereguleringsplan Rutlin/Ulvahaugen

Se vedlegg: Sogndal pg - Varsel om oppstart av planarbeid og høring av planprogram -
Områdereguleringsplan Rutlin/Ulvahaugen

SOGNDAL KOMMUNE
Postboks 153
6851 SOGNDAL

Att.Ane Janzy Yde Aasen

Dykkar ref.: 2023/429 **Vår ref.:** 2023/2173 - 21162/2023 **Sakshandsamar:** Terje Jan Nes **Dato:** 03.05.2023

Områdereguleringsplan Rutlin/Ulvahaugen - varsel om oppstart av planarbeid og høyring av planprogram

Om Rutlin

Indre Sogn psykiatrisenter (Sogndal DPS), Sogndal Bup, Sogndal ambulansestasjon og ulike støttetenester har om lag 100 – 120 tilsette.

Senteret har 13 senger med om lag 100 innleggingar per år og ein poliklinikk med om lag 500 aktive pasientar til ein kvar tid. Sogndal Bup har om lag 200 aktive pasientar. I tillegg kjem Hudpoliklinikken sin polikliniske aktivitet som er ganske omfattande.

Utnyttingsgraden er høg og all bygningsmasse er teke i bruk. Areal knytta til senteret er begrensa og vi har per d.d. ikkje mogelegheit for utviding av bygningsmassen på eigen grunn. Likeeins er parkeringsmogelegheitene for eigne tilsette og pasientar begrensa. I høve utvikling av Rutlin og Ulvahaugen – området, vil vi spesielt peike på behov for skjerming/buffer mot Vest (mot Sogndalsdalen), veg og parkeringsmogelegheiter samt at Ambulansestasjonen må vere sikra fri ferdsel. Mogelighet for utvikling/ny bygningsmasse er også begrensa på eigen tomt.

Innspel frå Helse Førde - Sogndal (Rutlin) DPS

Tomteforhold/framtidig utviding:

- Helse Førde har svært begrensa tomteareal og dermed lite utvidingspotensiale. Slik vi ser det, vil areal i vest vere naturleg areal for eventuell framtidig utbygging.
- Helse Førde ynskjer omsynssone i området vest - nordvest, med omsyn til drifta av institusjonen.

Veg/tilkomst:

- Ambulansestasjonen i Sogndal er lokalisert til Rutlin, og utrykningsveg er ikkje optimal med omsyn til beredskap.

- Utrykning skjer 24/7, og støy frå denne aktiviteten må vere eit omsyn som ein må ha med i det vidare planarbeidet.

Parkering:

- Parkeringstilhøva er i dag ikkje tilfredstillande, og framtidig plan må ta omsyn til at Helse Førde må ha nødvendig parkeringsdekning.

Vennleg helsing
Teknisk driftsavdeling

Terje Jan Nes
Avdelingssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent

Digital kommunikasjon

Vi har elektronisk saksbehandling og er opptekne av at informasjon, også underlagt teieplikt, skal kunne sendast på ein rask og sikker måte. Vi ber derfor om at eit eventuelt svar på denne førespurnaden blir sendt gjennom ein av desse kanalane:

- Privatpersonar og private verksemder: [eDialog](#)
- Offentlege verksemder: eFormidling (via eige saks-/arkivsystem)

Områdeplan Ulvahaugen/Rutlin



Kåre Johan Rutlin <Kare.Johan.Rutlin@norconsult.com>
Til Ane Janzy Yde Aasen



søn. 07.05.2023 13:26

Viser til varsel om oppstart av områdeplan og til møte med Sogndal kommune, tysdag 2.mai.

Gbnr. 22/4 Rutlin er i dag ein velhalden landbrukseigedom i full drift som frukthage. Hagen er ung og godt driven, og ei viktig inntekt i familien. Neste generasjon er tydeleg på at ein ønskjer å ta over garden, og vil drive den vidare; både som fruktgard, men også gjenoppta sauehald, som var ein viktig del av gardsdrifta fram til for dei del år tilbake. Garden har driftsbygningar som er eigna for både frukt og sau, slik at alt ligg til rette for aktiv drift i framtida.

Matjord er ein viktig ressurs som er viktig å ta vare på i eit overordna perspektiv. Landbruk og matproduksjon har dei siste åra fått eit stadig viktigare fokus. Garden har såleis stor verdi som landbrukseigedom og i eit berekraftperspektiv. Eigedomen ligg sentralt i Sogndal og er også ei viktig grøn lunge midt i Sogndal. Rutlin er eitt av dei få attståande og levande vitnesbyrd om fruktgardane / gardsdrift i Sogndal, og slik også historisk viktig å ta vare på for identiteten til Sogndal.

Hovedinnspel til områdeplanen er at gbnr. 22/4 vert regulert til landbruk. Det er det me ønskjer arealet skal nyttast til også i framtida, og formålet vil gje føreseielege rammer for vidare drift, og for neste generasjon.

Me fekk i møtet ei forståing av at det er bustadføremål som er det mest aktuelle reguleringsføremålet for eigedomen. Me vil generelt vere i mot at eigedomen vert regulert til andre føremål enn landbruk; og me vil særleg vere sterkt i mot regulering til offentlege reguleringsføremål som offentlege byggeområde, trafikkområde, friområde. Som alternativ til landbruk, ber me sekundært om at eigedomen vert teken ut av planområdet, og vert liggjande uregulert.

Me ber om at vårt innspel vert teke omsyn til og lagt til grunn for det vidare planarbeidet. Me ønskjer å bli tidleg involvert av plankonsulent (Asplan Viak) i tidleg fase av skissene/konsepta som skal utarbeidast.

Helsing Kåre Rutlin og Sissel Bergheim, gbnr 22/4

Leif Henning Øyre
Øvre Stedjeveg 15C
6856 Sogndal

5. mai 2023

Sogndal kommune
Postboks 153
6851 SOGNDAL

Områdereguleringsplan Rutlin/ Ulvahaugen – innspel til planprogram

Eg viser til dykkar brev med referansenummer 2023/429- 29 sendt til Hermund Skjeldestad som eigar av eigedommen gnr. 23 bnr. 3 i Sogndal kommune. Hermund er onkelen min, då han ikkje har eigen familie er det eg som hjelper han med blant anna saker som omhandlar eigedommen hans.

Som de er kjent med vart eigedommen regulert til bustadføremål hausten 2018, det visast her til «Detajreguleringsplan for Lunnamyri» - PlanID 1420-2015001. Tiltakshavar for dette arbeidet var underteikna. Planarbeidet vart utarbeida av Grindaker Landskapsarkitektar. Eg vil og sei at eg hadde eit nært, godt og konstruktivt samarbeid med planavdelinga i kommunen i heile planprosessen.

Ut frå at reguleringsplanen for eigdommen vår er so pass ny er det overraskande for oss at eigdommen er teken inn i områdereguleringsplanen for Rutlin/ Ulvahaugen.

Eg ser at viktige element de legg inn i planprogrammet for områdereguleringsplan Rutlin/ Ulvahaugen også vart lagt inn i plangrepet for detaljreguleringsplanen for Lunnamyri. Eg tenkjer her særskilt på viktige element som utnyttingsgrad, parkering under bakken, bustadeiningar både for små hus haldningar og familiebustadar, bygningsstruktur med uteareal som fremjar samvær mellom bebuarane, tilrettelegging for rørslehemma samt lokal fordrøyting av overflatevatn. Det er også regulert inn gangveg gjennom området. Eg kan ut i frå dette i dag ikkje sjå at det er motstrid mellom dagens nyleg vedtekne reguleringsplan og områdeplanen som no er under utarbeiding.

Underteikna hadde i utgangspunktet tenkt å vore kome i gang med utbygging av eigdommen vår, men då eg dei siste åra har vore oppteken med utvikling og gjennomføring av prosjektet Lerum Brygge har dette lete venta på seg. Når no Lerum Brygge nærmar seg sluttført planlegg eg å arbeide vidare med gjennomføring av bustadprosjektet på Lunnamyri. Eg ser fram til å arbeide vider med dette prosjektet og skape eit godt bustadområde.

Tentativ framdrift vil være at eg brukar 2023 og del av 2024 til å utvikle bustadprosjektet, eg vil då kunne komme i byggefase i 2024/2025.

Det er lagt ned betydelege ressursar både i form av tid og kostnader elles for å få på plass ein god reguleringsplan. Ein endring av dagens reguleringsplan vil påføre oss ytterlegare kostnader samt truleg skyve vidare utvikling av eigdommen ut i tid. Ut frå dette ber vi om at området vårt primært

blir teke ut av områdeplanen, sekundært bes det om stadfesting på at arbeidet med områdeplanen ikkje vil få konsekvensar for vidare framdrift for utvikling og omfang utbygging av eigedommen vår.

Det er nyleg (2018) vedteke reguleringsplan for eigedommen vår. Det er viktig at kommunen kan gje forutsigbarheit i plan- og byggeprosessar – også for denne eigedommen.

Eg har også ein kommentar til illustrasjonen Figur 11 i plandokumentet dykker, som viser den nye kommuneplanens arealdel som er under utarbeiding. I planprosessen med kommunen, ved utvikling av reguleringsplanen for Lunnamyri, kom det fram at areal til offentleg parkeringsplass som viste på nedste del av eigedommen vår, kanskje i kartet for kommuneplanen vart plassert der veid ein feil – dette då kommunen hadde bygd offentleg parkeringsplass på eigedommen vest for eigedommen vår (sjå utsnitt nedanfor). Ut frå dette var kommunen positiv til at heile eigedommen vår, med unntak av utvida fortau, vart regulert til bustadføremål.



Eg vil elles sei at eg set pris på medverknadsprosess de legg opp til i planprosessen dykker vidare og ber om at de med det første tek initiativ til eit møte med underteikna. Agenda for dette møtet vil være prosessen for vidare for utbygging av eigedommen vår.

Med helsing

Leif Henning Øyre
leif.henning.oyre@nordr.com

477 08 619

Fra: Vivi Ann Fedje Abelsen[vafabel@gmail.com]
Sendt: 05.05.2023 17:28:03
Til: Postmottak Sogndal kommune[Postmottak@sogndal.kommune.no]
Tittel: Innspill til planprogram Ulvahaugen/Rutlin

Innspill fra gbnr.22/112

Vi ønsker med dette å få kjøpt tilleggsareal vest for tomten vår inn mot uteseksjonen til kommunen sitt område. I gjeldende reguleringsplan er dette regulert til bustadformål. Arealet vi her viser til, var i sin tid foreslått om erstatningsareal til oss for veiutløsing til Ulvahaugen.

Området blir pr i dag stelt og vedlikeholdt av oss. Viser til kartutsnitt i vedlegg, der arealet er skravert med blå penn.

Vi ber om at dette blir tatt hensyn til i utarbeiding av ny reguleringsplan.

Med hilsen

Bjørn Olav Vik og Vivi Ann Fedje Abelsen



Vedtak Innspel frå Sogndal eldreråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne i samband med områdereguleringsplan Rutlin/Ulvahaugen

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne si handsaming av sak 8/2023 i møte den 25.04.2023:

Handsaming

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne vedtok samrøystes å handsama saka i fellesmøte med Sogndal eldreråd.

Frå kommunalsjefen låg det føre slik tilråding

1. Sogndal eldreråd gir innspel til innhaldet i planprogrammet i samband med områdereguleringsplan Rutlin/Ulvahaugen.
2. Sogndal eldreråd gir følgjande innspel...

Avrøysting: samrøystes

Uttale

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne gjorde i felles møte med Sogndal Eldreråd, slikt samrøystes **vedtak**:

Vedtak

Sogndal Eldreråd gjorde i felles møte med Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, slikt samråystes **vedtak**:

1. Sogndal eldreråd og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne gir innspel til innhaldet i planprogrammet i samband med områdereguleringsplan Rutlin/Ulvahaugen.
2. Sogndal eldreråd og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne gir følgjande innspel:

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og Sogndal eldreråd meiner det er viktig å sikra at områdeplanar legg til rette for god universell utforming og slik sikrar tenlege bustadar og sentrumsnær tilkomst for alle funksjons- og aldersgrupper.

Det er særleg behov for gode løysingar for rørsle- og orienteringshemma som treng kort gangavstand både til butikkar, skysstasjon, taxistasjon, kulturhus og andre sentrumsaktivitetar. I dag må personar med nedsett funksjonsevne, med bustad i t.d. Hovsmarki og Ulvahaugen, bruka taxi eller privatbil for sentrumsærend pga. bakkar. Det vil vera viktig å prioritera gode løysingar for desse gruppene. For å sikre desse gruppene må det takast inn eit eige punkt i planen om universell utforming.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og Sogndal eldreråd vil be om at Sogndal kommune i samarbeid med utbyggjarar, Husbanken og statsforvaltar utarbeidar planar om bustadprosjekt som kan realiserast i områda Rutlin/Ulvahaugen.

Klageadgang

Du kan klage på dette vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Klagefristen er tre veker frå du har motteke vedtaket. Klage skal sendast til postmottak@sogndal.kommune.no

Med helsing

Gunn Ragnhild Rimala
sakshandsamar

Brevet er elektronisk og er utan underskrift.

Kopi til:

Vedlegg:



Sogndal kommune
Postboks 153
SOGNDAL

Vår ref.	Dykker ref.	Sakshandsamar:	Dato:
2023/2198 - 2		Marlene Kvammen	29.03.2023

Uttale til områdereguleringsplan Rutlin/Ulvahaugen, Sogndal kommune - varsel om oppstart av planarbeid og høyring av planprogram.

Viser til Områdereguleringsplan Rutlin/Ulvahaugen - varsel om oppstart av planarbeid og høyring av planprogram. Datert til 24.03.2023.

Me føreset at gjeldande lover, forskrifter og retningslinjer vert lagt i grunn for arbeidet. Då områdeplanen skal ta sikte på å legge til rette for bustadområde med høg tettheit, ynskjer me å minne om tilstrekkeleg tilkomst for brannvesenet samt at det blir sørga for nok sløkkevatn.

Me ber om orientering ved vidare planlegging og utbygging.

Viser elles til retningsliner for tilrettelegging for rednings- og sløkkemannskap i SBR IKS

<https://www.sognbrann.no/getfile.php/5117839.2055.qjutkpubzsmawj/REV+aug-2022+Retningslinjer+for+tilrettelegging+for+rednings-+og+slokemannskap+i+SBRIKS.pdf>

Med venleg helsing
Sogn brann og redning IKS

Marlene Kvammen
branninspektør
Tlf: 99413171

SOGNDAL KOMMUNE
Postboks 153
6851 SOGNDAL

Avdeling for
Næring, plan og innovasjon (NPI)

Dato 05.05.2023
Vår referanse 2023/55537-5
**Dykkar
referanse**
Sakshandsamar Ingeborg Klokkersund Djupevåg
E-post Ingeborg.Klokkersund.Djupevag@vlfk.n
Telefon o
57638130

Fråsegn til oppstart av planarbeid - områdereguleringsplan - Rutlin/Ulvahaugen - Sogndal kommune

Vi viser til brev datert 24.03.23 om oppstart av arbeid med områderegulering for Rutlin/Ulvahaugen. Hovudføremålet med områdeplanen er å utvikle Rutlin til eit bustadområde med relativt høg tettheit, god arkitektur med livsløpsstandard, i eit utbyggingsmønster som skapar gode uteområde der ulike menneske kan møtast. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan der området er sett av til sentrumsføremål og bustad. Den nye kommuneplanen for nye Sogndal kommune som no er under arbeid legg førebels ikkje opp til store endringar innafor planavgrensinga. Førebelse endringar inneber at noko bustadføremål går over til å bli sentrumsføremål, og noko sentrumsføremål går over til å bli friområde. Kommunen har vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Vestland fylkeskommune vurderer oppstartsmeldinga/planprogrammet ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar. For kommunar i gamle Sogn og Fjordane og Hordaland gjeld dei vedtekne regionale planane innanfor dei tidlegare fylkesgrensene fram til desse vert avløyst av nye planar i Vestland.

Vurdering og innspeil

Rutlin/Ulvahaugen er eit svært sentralt og attraktivt område i Sogndal, og det er positivt at kommunen utarbeider ei områderegulering som kan sikre heilskapleg og berekraftig utvikling i området. Det kan vere positivt at denne områdereguleringa utarbeidast parallelt med områdereguleringa for Nestangen, fordi dei to områda da kan sjåast i samanheng med kvarandre, og at ein kan legge til rette for å knyte saman gang- og sykkelvegar i Sogndal sentrum. Vi merkar oss at området på Rutlin/Ulvahaugen er noko tettare utbygd og at mykje blågrøn struktur er bygga ned, medan området på Nestangen er meir opent, og har ei anna karakter. Det er viktig å ta dette med seg i vidare arbeid. Her er det viktig å sjå på korleis ein kan bygge vidare på dei kvalitetane som finst knytt til blågrøne strukturar, kulturmiljø og kulturlandskap, og moglegheitene for å bruke desse inn i utviklingskonsepta. Ein bør sjå moglegheitene for bruk og ombruk av det som allereie finst og allereie utbygde areal.

Planfaglege merknadar

Regionale føringer

Vi ser at planprogrammet ikkje syner til [Utviklingsplan for Vestland 2020-2024](#), regional planstrategi, under regionale føringer. Denne skal ligge til grunn for kommunal planlegging i Vestland.

Konsekvensutgreiing

Kommunen har vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing etter forskrift om konsekvensutgreiing kap.2, § 6 b, ettersom ikkje utbygde område vart konsekvensutgreidd i samband med eksisterande arealdel 2013-2023. Vi kan ikkje sjå at temaa klimatilpassing og klimagassutslepp var tema i konsekvensutgreiinga, og oppmodar difor om at dette vert vurdert

og skildra i planomtalen. Mellom anna omfattar planområdet eit stort areal beståande av fulldyrka jord med frukthagar. Det kjem ikkje fram av konsekvensutgreiinga kva som er konsekvensen av ein utbygging av dette området når det kjem til fordøyning og overvatn. Ein kan risikere å bygge inn ny/auka sårbarheit knytt til tema som vi no veit mykje om.

Medverknad

Kommunen plikter til å skape engasjement i medverknadsarbeidet i kommunale planar. Kommunen må aktivt ut i befolkninga, og få til reell medverknad. Medverknad kan auke sjansen for vellukka resultantar i stad- og samfunnsutvikling. Plan for medverknad skildrar godt korleis medverknadsprosessen er planlagd organisert og gjennomført i samband med områdereguleringsplanen. Vi rår kommunen til å nytte lokal kunnskap og medverknad inn i stadanalysen for å få eit best mogleg grunnlag for utviklingskonsepta som skal utarbeidast. Samtidig vil det kunne bidra til å nå målet de skisserer med stadanalysen. Frå planprogrammet merkar vi oss at målet med stadanalysen er å:

- *Gje eit betre grunnlag for forståing for området, som igjen skapar betre dialog*
- *få eit godt rammeverk for gode, stadstilpassa prosjekt*
- *identifisere relevante kvalitetar og føringar*

Slik vi forstår det vil ein ha klart nokon utviklingskonsept basert på stadanalysen før ein går i gang med dialogen med brukarar av området. Vi rår om medverknad også inn i stadanalysen før ein begynner å arbeide med utbyggingsalternativa. Vi meiner at mange av temaa som skal undersøkast i stadanalysen krev at ein involverer brukarane av området. Det vil vere føremålstenleg å sørge for aktiv medverknad også inn i analysen og denne tidlege delen av arbeidet, både for ein betre forståing av området, for å betre dialogen, for å identifisere kvalitetar i området og for å forstå staden si historie. Innbyggjarane sit på mykje av kvardagserfaringane med området, og mange kan ha viktig informasjon om området over tid, kva som fungerer og ikkje fungerer. Sjølv om dette kan vere tidkrevjande i starten, kan ein spare inn tid seinare ved at ulike forhald blir avdekkja før utbyggingsalternativa presenterast. Stadanalysen bør skape ein god felles forståing av kvalitetar og forbetringspotensial i området. Lokalkunnskap bør ligge til grunn for utviklingskonsepta.

Den eldre generasjonen må møtast på deira premiss i medverknadsprosessen. Dette er ein differensiert gruppe, noko som krev variasjon i møteform for at dei skal vere aktive samfunnsdeltakarar. Klarspråk er viktig. Det er også viktig med forventningsavklaringar og ein klar rolleforståing for å gjere arbeidet interessant og for å få best utbytte av prosessen.

Elles ber vi om at det vert gjort eit grundig arbeid med å avdekke potensielle interessegrupper i området. Haugen grøndalag som syter for vedlikehald på grøntområdet på Haugen, står ikkje på lista over aktørar som skal varslast ved oppstart av planarbeidet.

Stadanalyse

Stadanalysen som skisserast i planprogrammet viser gode og ambisiøse intensjonar for området, med mange viktige tema. Vi vil særskilt trekkje fram nokre av temaa og omsyn som vi meiner er viktig for analysen og planarbeidet.

Vi ynskjer å framheve viktigheta av **landskap og grønstruktur** som premiss for **arkitektur, bebyggelse og utbyggingsstrukturen**, og å difor å sjå desse to temaa i samanheng. Frå kommuneplanen sin samfunnsdel er fortetting med kvalitet eit prinsipp for utbygging og utarbeidning av områdeplanar. Vidare rår vi til å bruke stadanalysen til å definere kva ein legg i fortetting med kvalitet i dette området, slik at områdeplanen kan gi konkrete føringar for detaljplanar og byggjetiltak. Vi ynskjer å framheve viktigheta av temaa **kulturminne og kulturmiljø** inn i stadanalysen, og å undersøke korleis desse verdiane kan styrkast og byggjast vidare på.

Når ein arbeider med bu-kvalitet og høg tettheit, blir det særskilt viktig å undersøke korleis ein kan få til overgangane mellom offentlege, semi-offentleg og private sonar. Vidare rår vi til undersøke korleis ein kan få til ei samansett og variert utbygging, i motsetning til et repiterende og einsforming uttrykk.

Det er viktig at ein tar i vare snarvegar i vidare utvikling av området, og at dei behaldast og oppretta til tilknyting til blågrøn struktur. I delar av planområdet er det langt mellom dei tverrgåande stiane ned mot sentrum. Det er positivt dersom ein også kan legge til rette for nye stiar. Vi er klar over at det er gjor fleire kartleggingar av stinnettverket og oppmodar om at stiar synleggjera i plandokumenta.

Klima og energi

Regional plan for klima 2022-2035, med tilhøyrande handlingsprogram, blei vedtatt i fylkestinget 15. desember 2022. Klimaplanen er eit verktøy for å styrke klima- og miljørarbeidet i Vestland. Klima og miljø skal vere eit premiss for samfunnsutviklinga, og skal inngå i alt vi gjer. Vestland skal vise vegen mot det gode, berekraftige og trygge nullutsleppsamfunnet. Følgjande retningslinjer frå planen er av særskilt betydning for denne områdereguleringsplanen:

1. I utviklinga av byar og tettstadar i Vestland skal det bli lagt til rette for redusert transportbehov og fossilfrie transportformer.
2. I regionale og kommunale planar skal det leggast til rette for at fleire skal kunne gå og sykle i staden for å nytte bil.
6. Regional og kommunal planlegging skal sikre at jordvern blir eit overordna omsyn i arealplanlegginga.
7. I regional og kommunal arealplanlegging skal ny utbygging skje på ein skånsam måte som tek i vare naturressursane, biologisk mangfald og dei nasjonale jordvernmåla. Næringsutvikling bør bli prioritert på allereie utbygde areal, for å sikre berekraftig bruk av naturressursar og dyrka jord
9. Ved rehabilitering og nybygg bør det nyttast byggematerial med lågast mogleg klimafotavtrykk i eit livsløpsperspektiv.
10. Klimaendringar skal inngå som vurderingstema i regional og kommunal planlegging, der høge alternativ frå nasjonale klimaframskrivningar vert lagt til grunn.
12. Regionale og kommunale planar bør identifisere og handtere ulike former for klimarisiko i si planlegging.
13. Regional og kommunal planlegging skal ta høgde for eit endra klima og redusere fare for skader knytt til auka nedbør, flaum og havnivåstiging. Dette ved å unngå arealinggrep nær bredda av vassdrag, bekkar, sjø og i strandsona, og sikre areal til overvasshandtering. (For meir detaljerte retningsliner for overvasshandtering, sjå Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion 2022-2027[1] og NVE sin rettleiar for handtering av overvatn)
16. I regional og kommunal planlegging skal naturbaserte løysingar for klimatilpassing prioriterast der dette er mogeleg.
17. Vi bør unngå utbygging på karbonrike areal, som myr, våtmark og skog. Om tilstrekkelege kartleggingar ikkje er gjort skal føre-var-prinsippet leggast til grunn (jf. Naturmangfaldlova §9).
22. I regionale og kommunale planprosessar som omhandlar klimaomstilling bør sosiale og helsemessige konsekvensar av tiltaka bli vurdert, samt omsynet til menneske med nedsett funksjonsevne.
13. I kommunal og regional planlegging bør det leggast vekt på gode heilsakplege løysingar og ta i vare økosystem og arealbruk med betydning for klimatilpassing som bidreg til auka kvalitet i uteområda.

Klimagassreduksjon

Nybygging er eit viktig bidrag til klimagassutslepp. Det er derfor positivt at klimavenlege material er nemnd som ein sentral oppgåve i vidare planarbeid. Vi oppmodar vi om at føresegna definerer krav til materialbruk og energiløysingar i nye bygg, for både bygge- og driftsfase, og i et livsløpsperspektiv. Haldbar og berekraftig byggeskikk tek omsyn både til sosiale høve og naudsynte tiltak for klimaomstilling. Til dømes bør ein unngå å bruke betong der det er mogleg ettersom betong har eit høgt klimafotavtrykk. Det er positivt at kommunen ser plassering av bygg/byggestruktur i forhold til vind og mikroklima som ei sentral oppgåve i planarbeidet. Dette kan gi både betre bu- og utediljø og fremje sosial berekraft. Det kan også bidra til energieffektivisering og til mindre behov for vedlikehald.

Vi oppmodar om at det vert tilrettelagt for og sett krav til tilrettelegging for ladeinfrastruktur. Stadig større del av bilparken er nullutsleppskøyretøy, og det er viktig å ta omsyn til dette i utbygging av planområdet. I planar for bustadar vil dette truleg auke attraktiviteten. Å legge til rette for ladeinfrastruktur som dekker framtidige behov gir ein monaleg lågare kostnad, i forhold til å etablere dette i ettertid. Vi oppmodar også om at det settast krav til sykkelparkering under tak ved nye utbyggingsprosjekt, for å gjere det enkelt og trygt å nytte sykkel til daglege målpunkt.

Klimatilpassing

Som nemnt innleiingsvis merkar vi oss at klimatilpassing ikkje er eit tema som er vurdert i KU til eksisterande arealdel frå 2013. Tema er inkludert i ROS, men då i samband med samfunnssikkerheit

og beredskap. I planområdet ligg det område som i dag er jordbruksareal, men som er sett av til bustad i noverande areal del. Ved ei utbygging i desse områda vil ein auke tetta flatar som vil føre til meir overflatevatn og potensielle negative konsekvensar for områda rundt. Dette må inkluderast i vidare planarbeid og sjåast i samanheng med eksisterande blågrøne strukturar.

Vi stillar oss svært positiv til at kommunen ynskjer å prioritere naturbaserte løysingar for overvasshandsaming med blågrøn infrastruktur som tydeleg element i utbyggingsmønsteret. Virar til å sjå utgreiingstema landskap og grønstruktur i samanheng med klimatilpassing og overvasshandsaminga. Viktige elvar og/eller bekkar og sårbarer artar som skal identifiserast i planarbeidet kan takast med inn i arbeidet med blågrøn infrastruktur og overvasshandsaming. I området har ein også eit potensiale for å restaurere og reparere elvar/bekkar som er lagt i røyr og øydelagt blågrøn struktur, og gjere desse til ein sentral del av utviklinga i området. Bekkeopning er et nyttig verktøy for å handtere overvatn. Atterskaping av naturlege vassvegar kan gi betre flaumsikring og enklare vedlikehald av vassdrag. Det kan ha ein rekke positive effektar for menneske og biologisk mangfald i nærmiljøet, i tillegg til å auke hydraulisk kapasitet. Vi rår til at potensiale for restaurering/reparering vert del av utgreiinga.

Denne rettleiaren for lokal overvasshandsaming gir konkrete dømer på føresegner knytt til overvasshandsaming i reguleringsplan (s.42) og ei sjekkliste for planlegging og utbygging (s.44). Rapporten Naturbaserte løsninger for klimatilpassing gir også gode og konkrete dømer på korleis ein kan nytte naturbaserte løysingar som ein del av klimatilpassing, og er delt opp tematisk etter type hending.

Friluftsliv

Innanføre planavgrensinga er det kartlagd tre friluftslivsområde. Dette er Haugen, som er eit svært viktig leke og rekreasjonsområde, Stier Rutlinslid – Åbergevegen, som er ein svært viktig grøntkorridor og Rutlinslid, som er eit viktig leke og rekreasjonsområde. Planområdet har med andre ord betydelege kvalitetar knytt til rekreasjon og nærfri friluftsliv i Sogndal sentrum.

I oppstartsvarselet står det at det er ein sentral oppgåve ved planarbeidet å styrke og ta i vare eksisterande naturkvalitetar, grøntstrukturar og område for leik. Dette bør bety at det i planarbeidet tas omsyn til dei områda som kommunen sjølv har vurdert som viktige for rekreasjon og friluftsliv.

Sett i lys av fortettinga som oppstartvarselet elles legg opp til, er det særleg viktig å ta i vare og styrke kvalitetar knytt til rekreasjon og grønstruktur.

Folkehelse

I planarbeid med bustadutbygging er det særleg viktig å legge fokus på gode bu- og nærmiljø, som legg til rette for både formelle og uformelle møteplassar. Det er viktig at alle, på tvers av alder, funksjonsnivå og bakgrunn, kan delta. Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 siår fast at:

«Vi skal styrke innsatsen mot opphoping av levekårsutfordringar, og utvikle eit variert bustadtilbod med god kvalitet, tilpassa behovet og i alle prisklasser. Bustadområda skal planleggast for sosial blanding med høg kvalitet i uteareala og god tilgang til kollektivtilbod.»

Det er difor positivt at kommunen ynskjer livsløpstilpassa bu- og nærmiljø og eit utbyggingsmønster som skapar gode uteområde der folk kan møtast på Rutlin/Ulvahaugen. Vi oppmodar om at det vert sett fokus på aldersvenleg samfunnsutvikling i planarbeidet. Altersvenleg utvikling har som mål å skape samfunn som er tilgjengelege og inkluderande, og som fremjar aktiv aldring. Det handlar både om fysiske og sosiale omgjevnader. Universell utforming av våre omgjevnader er ein forutsetning for eit aldersvenleg samfunn. Det handlar om korleis vi skaper og utviklar nærmiljø og lokalsamfunn, bustader, møteplassar, transportløysingar og aktivitetar i byer og tettstadar, slik at behova til ei mangfoldig gruppe eldre innbyggjarar blir teke i vare på en god måte. Difor er det viktig at lokalkunnskap nyttast ved å inkludere dei eldre innbyggjarane på deira premiss. Planprogrammet viser til universell utforming av uteområde, men temaet bør også framhevest og utdjupast i samband med utforming av bustader. Vår erfaring er at det ikkje er nok å vise til TEK17. Her er finn de eit nytt hefte med dømer på universelt utforma og aldersvenlege uteområder og møteplassar - KS

Med utgangspunkt i utviklingsplanen for Vestland er det også positivt at nokon av dei overordna utviklingsgrepa for Rutlin/Ulvahaugen mellom anna skal vere å leggje til rette for variasjon i storleik på bustadar, og for ulike typar bygningstypar som gir ei blanda gruppe med busette. Vi rår til at

desse utviklingsgrepa vert sett i samanheng med korleis planlegging kan motverke sosiale ulikheit og fremje inkludering.

Fortetting er eit bra tiltak i lys av reduksjon av klimagassutslepp og for å ta i vare natur, men det er viktig at ein tek høgde for sosial berekraft. Natur tett på der ein bur er viktig for helse og trivsel. Særskilt eldre, unge og menneske med nedsett mobilitet må ha tilgang til natur i nærområdet. Gode liv i store og små stader krevjar nærheit til grøntareal, og har mykje å sei for kor aktive innbyggjarar er. Det er også viktig å ha utsyn til natur, som til dømes trær frå bustaden eller frå arbeidsplassen.

Barn og unges interesser

Barn og unge sine interesser er nemnd i planprogrammet, med fokus på deira framtidig bruk av området, og konsekvensar for trygg skuleveg og leik- og opphaldsareal ute. Det er positivt at deira interesser blir teke opp gjennom ulike tema i stadanalysen. Det er også naturleg at det leggjast vekt på deira noverande bruk av området, og at den blir tatt omsyn til i vidare planarbeid. Vi rår til at dette vert enda tydelegare i stadanalysen og vidare planarbeid.

Innanfor dette bustad-konsept er det særleg viktig å leggje til rette for trygg ferdsel og areal for leik og opphald i nærmiljøet. Det bør vere enkel og trafikksikker tilkomst mellom bustad og viktige areal for barn og unge, til dømes leikeareal, grøne område, skule og barnehage. For å ivareta born og unge sine interesser og fremje sosial berekraft oppmodar vi om at ein ser på moglegheita for å etablere gatetun med bilfrie soner der dette let seg gjere. Eit slikt grep vil bidra til trygge, gode og sosiale sonar mellom husa.

Dei eldre barna treng også stadar å samlast, og må ikkje gløymast. Det er viktig at uteområda inviterer til bruk av menneske i alle aldrar. Difor oppmodar vi om at uteoppahaldsareal utformast på ein måte som gjer at dei egner seg for alle aldra og allmenn bruk, ikkje berre for dei minste barna. Når leikeplassar med eit minimum av leikeapparat ikkje er i bruk blir dette tomme rom i landskapet. Difor oppmodar vi om å ta vare på og å tilføre naturlege element i landskapet som trær og busker som skaper fleire soner for rekreasjon. Leikeareal og grøntområde kan kombinerast med naturbasert overvasshandsaming. Føresegn bør sette krav om funksjon, kvalitet og rekkefølge knytt til opparbeiding av areal og infrastruktur som er viktige for barn og unge, og sikre at slike areal er regulert til offentleg føremål.

I planarbeid som særskilt råker barn og unge bør dei bli invitert til å medverke aktivt i utarbeidingsa av planframlegg. Barn og unge, ungdomspanel, barne- og ungdommens kommunestyre eller ungdomsråd er høyningspartar når planforslag vert lagt ut på offentleg ettersyn jf. § 5-2. Planarbeidet må bli presentert på ein måte som gjer det lett å forstå.

Kulturminne og kulturmiljø

Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

Dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Dette inneber at eventuelle kulturminne og kulturmiljø vert omtalte, verneverdiene vurderte og teke omsyn til i det vidare planarbeidet. Verknader planen får for kulturminneverdiene i området skal utgreiaast i planprosessen.

I Nye mål i kulturmiljøpolitikken – Engasjement, bærekraft og mangfold, Stortingsmelding 16, (2019-2020), vert kulturmiljø vektlagt som ein del av berekraftig by- og stadutvikling. Den fastset nye nasjonale mål og ny kulturmiljøpolitikk, der kulturmiljøomgrepene understrekar heilskap og samanheng framfor enkeltobjekt. Med bakgrunn i denne stortingsmeldinga er det naturleg å sjå det aktuelle planområdet i samanheng med omgjevnadene rundt. I tillegg til fornminne og bygningar/bygningsmiljø, er det viktig å få kartlagt og utgreidd til dømes tekniske kulturminne, steingardar, gamle ferdselsårer, utmarksminne, og andre kulturlandskapstrekk.

Dersom planforslaget er i konflikt med nasjonale og vesentlege regionale kulturminneverdiar kan Vestland fylkeskommune fremje motsegn til planen ved offentleg ettersyn. Vi gjer merksam på at det vil vere ein fordel for tiltakshavar å klarleggje spørsmål omkring kulturminneverdiar i området på eit tidleg tidspunkt i planprosessen. Vi rår tiltakshavar til å gå i dialog med regionalt kulturminnemynde for å finne gode løysingar før planen vert lagt ut på høyring.

Kulturminneverdiane må i det vidare planarbeidet omtalast særskilt som eige tema. Her er det viktig å få fram ikkje berre forminne og bygningar/ bygningsmiljø, men òg steingardar, gamle ferdsselsårer, utmarksminne, tekniske kulturminne, kulturlandskap, m.m.

Planprogram

I forslag til planprogram er det satt opp ei liste med tema som det er aktuelt å utgreie som en del av planarbeidet. Desse skal greiast ut som eigne rapporter eller inngå som ein del av planomtalen. Et tema som skal greiast ut er kulturminne og kulturmiljø. I denne utgreiinga må freda kulturminne og kulturminne frå nyare tid skildrast. Konfliktgraden mellom utbygging og kulturminne, både automatisk freda kulturminne, kulturminne frå nyare tid og kulturlandskap, må gå klart fram. Det bør gjerast greie for korleis ein kan ta vare på det som er verdfullt og eventuelt føreslå avbøtande tiltak

Nyare tids kulturminne

Delar av planområdet er framleis prega av eit eldre jordbrukslandskap. Innanfor området er det fleire eldre bygg mellom anna knytt til gardsdrift. Det er kjend tre SEFRAK-registrerte bygningar på garden Rutlin, ei driftsbygning og stabbur frå 1800-talet.

Fylkeskommunen rår til ein utbygging av nye bustadområda der ein tek omsyn som til og inkluderer kvalitetar frå kulturlandskap, i utviklinga av grøne områder.

Automatisk freda kulturminne

På 1990-talet vart det gjort fleire arkeologiske registreringar og utgravingar på Rutlin i samband med oppføring av Sogn psykiatrisenter. Det vart avdekkja omfattande spor etter førhistorisk busetjing gjennom eit langt tidsrom. Det var påvist sju sikre bygningar, det eldste frå yngre bronsealder og det yngste frå høgmellomalder. Det største huset er ei 50 m lang bygning frå eldre jernalder, dater til 350 e.kr. Rundt bygningane var det kokegropar, eldstader, rydningsrøysar, førhistoriske dyrkingslag og et stort antall stolpehol som visar at det har vore fleire bygningar på garden. Over strukturane var det tykke fossile dyrkingslag, dei eldste datert til yngre steinalder. Funnmaterialet syner lang historisk kontinuitet i busetjinga på Rutlin. Funnet av langhuset syner at garden har hatt ein sentral funksjon i Sogndal i eldre jernalder. Det er og registrert førhistoriske busetjingsspor og dyrkingsspor sør og vest for planområdet, ved Foss og Kvålslid.

Innafor områdereguleringsplanen er det registrert ein gravhaug kalla «Nosetehaugen», ei våpengrav frå eldre jernalder. Den er registrert av Per Fett på 1950-talet, men han omtaler den som fjerna. Gravhaugen låg i eit grustak om lag 100 meter sør for dei opprinnelege husa på garden. I dag er det parkeringsplass og veg i området. Det vil vere naudsynt å avklare status på kulturminnet og sjå om restar av haugen er synleg i dag.

Krav om arkeologisk registrering

Arealet i planområdet har stort potensial for nye funn av automatisk freda kulturminne. Det er derfor naudsynt med ei arkeologisk registrering for å for å avgjere om planforslaget vil råke hittil ikkje registrerte kulturminne, jf. § 9 i kulturminnelova. Føremålet er å registrere i areal som ikkje er dekkja av tidlegare registreringar og utgravingar.

Hovudregelen er at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova skal gjennomførast i samband med utarbeiding av ein reguleringsplan. Dette inkluderer alle typar arealformål også areal som vert regulert til LNF areal. Arealføremål landbruk opnar opp for tilretteleggingstiltak og ulike former for drift som kan komme i konflikt med kulturminne. Undersøkingsplikta må i disse områda oppfyllast på ein slik måte at kulturminneforvaltninga kan uttale seg til planen. Arkeologiske registreringar i slike område vil likevel vere noko avgrensa i omfang.

Registreringsmetode vil vere maskinell flateavdekking på dyrka mark og overflateregistrering. Maskinell flateavdekking vert nytt til å påvise automatisk freda kulturminne i noverande og tidlegare jordbruksareal ved graving av søkesjakter på om lag 3 meter breidd. Lengd, djupn og avstand mellom sjaktene kan variere avhengig av lokal topografi, funnsituasjon og undergrunn.

Vestland fylkeskommune kan ikkje seie seg samd i arealbruken i områdereguleringsplanen før §9 er oppfylt for heile planområdet. Ettersom funnpotensialet i planområdet er høgt vil det vil vere ein fordel for kommunen å klarlegge spørsmål omkring kulturminneverdiar i området på eit tidleg tidspunkt i planprosessen.

Vestland fylkeskommune minner om at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova må vere oppfylt og naudsynt sakshandsaming gjennomført, før planen kan endeleg vedtakast av kommunen. I medhald av kulturminnelova §§ 9 og 10, må kostnadene ved registreringa betalast av tiltakshavar. Det blir sendt eige brev med nærmere opplysningar om kulturminneregistreringa.

Samferdsel

Avdeling for infrastruktur og veg sitt ansvar i planarbeidet er først og fremst knytt til arealbruken langs fylkesveg. Vi uttalar vi oss som forvaltar av fylkesveg, med særleg fokus på trafikktryggleiken og framkomst for alle trafikantar.

Opplysningar i saka

Føremålet med planarbeidet er å utvikle Rutlin til ein del av tettstaden men relativt høg tettheit, gode bukvalitetar og stader der folk kan møtest. Områdeplanen skal legge til rette for at området Rutlin/Ulvahaugen får eit overordna utviklingsgrep. Delar av fv.5613 inngår som ein del av planområdet.

Generelle innspel til planarbeidet

Avdeling for infrastruktur og veg ber generelt om at følgjande tema blir tekne omsyn til i reguleringsprosessen:

- Plassering og utforming av naudsynte tiltak knytt til fylkesveg (kryss, avkørsler, busslommer, tilbod til mjuke trafikantar m.m.)
- Tilhøva for mjuke trafikantar mellom varsla planområde og nærliggjande målpunkt (t.d. busshaldeplassar, skule m.m.)
- Byggegrenser til fylkesveg må synast i plankartet
- Frisiktlinjer i kryss og avkørsler må synast i plankartet.
- Tiltaket sine konsekvensar for vegtrafikken i bygge- og anleggsfasen, med særleg fokus på mjuke trafikantar
- Vegtrafikkstøy
- Generelt vil vi minne om at Statens vegvesen si handbok N100 Veg og Gateutforming er gjeldande for alle offentleg veg, og eventuelle fråvik frå handbok N100 skal vere godkjent av vegeigar før detaljreguleringsplanen vert lagt ut på offentleg ettersyn og høyring.

Særlege innspel til dette planarbeidet

Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for bustadområde med høg tettheit. Høg tettheit vil generere meir trafikk på fv.5613 som går gjennom planområdet, og det må difor gjerast ei trafikkanalyse for å sjå på framtidig mengde trafikk på fylkesvegen, i kryss og avkørsler i planområdet, og om det er aktuelt å regulere inn tiltak for å betre framkomst og trafikktryggleik på fylkesvegen. Det er viktig at verknadane planløysinga har for vegtransport og vegnettet vert utgreidd og kjem tydeleg fram av planomtalen og ROS-analsen. Trafikktryggleik må vere eit eige tema i planarbeidet.

Som skildra i planprogrammet kan det verte aktuelt å stille krav om rekkefølgjekrav for etablering av naudsynte løysingar knytt til framkomst på fv.5613 og gode trafikktrygge løysingar for mjuke trafikantar i området. Vidare kan det også verte aktuelt å stille krav om gjennomføringsavtale i samband med bygging av fortau/gang- og sykkelvegar.

Det positiv at ein i arbeide med områdereguleringsplanen skal konkretisere ny vegframføring frå Rutlinslid til Dalavegen, slik arealdel til kommuneplanen legg opp til. I planprogrammet går det vidare fram at kommunen er eigar av eit større grøntareal og «Grushola» der teknisk eining har lager og driftssentral. Dette arealet ser ein føre seg vert ledig i framtida, og at arealet kan nyttast til noko anna. Me gjer allereie no merksam på at dersom ein legg opp til meir trafikk på kommunale veg 1501, som i dag går til Rutlin, må det gjerast utbetringar i krysset. Dagens kryss mellom fv.5613 og kommunal veg 1501, har ikkje har tilfredsstillande utforming

Kollektiv

Planområdet har strekk seg over eit større areal sentralt i Sogndal. Det er lagt opp til utvikling av eit bustadområde med høg fortetting, men talet på bueiningar er ikkje sett. Det er likevel venta ein betydeleg auke i reisestraumar til og frå området og det gjer det naudsynt å greie ut endingar i trafikkssituasjonen som følgje av ny utbygging av området. Tilrettelegging for trygge og attraktive løysingar for mjuke trafikantar til sentrale målpunkt vil vere eit viktig tema i dette arbeidet. Mellom

anna skal ny og eksisterande sykkelsamband knytast saman. Avdeling for mobilitet og kollektiv viser elles til innspela frå avdeling for infrastruktur og veg. Det vil vere aktuelt å stille rekkefølgjekrav som sikrar trygge løysingar for alle trafikantgrupper.

Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre
<https://www.vestlandfylke.no/planlegging/kommunal-planrettleiing/>

Oppsummering

Vestland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på tidleg og god medverknad, stadeigne kvalitetar, omsyn til born og unge, klimagassutslepp og klimatilpassing, framtidig trafikk og trafikktryggleik, mjuke trafikantar, ivaretaking av kulturminne og kulturmiljø, og kvalitetar knytt til friluftsliv og rekreasjon. Det er positivt at kommunen utarbeider ei områderegulering som kan sikre heilskapleg og berekraftig utvikling i området, og rår kommunen til å fokusere på kva ein legg i fortetting med kvalitet i området. Vi står til disposisjon viss ein skulle ha spørsmål rundt regionale plantema og vidare planprosess.

Med helsing

Eva Katrine Ritland Taule
fagansvarleg
NPI – Plan, klima og analyse

Ingeborg Klokkersund Djupevåg
rådgjevar
NPI - Plan, klima og analyse

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift

Saksbehandlarar:

Eva Sundal, INV – Forvaltning Vestland
Susanne Stølheim Aasen, INV - Forvaltning Vestland
Gunhild Raddum, MOK – Transportplan
Anders Søyland, KFO – Fysisk aktivitet og inkludering
Silje Øvrebø Foyn, KFO – Kulturarv
Inga Petronella Lindstrøm, KFO – Kulturarv

Kopi til:

Statsforvaltaren i Vestland	Statens hus - Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Statens vegvesen	Postboks 1010 Nordre Ål	2605	LILLEHAMMER

SOGNDAL KOMMUNE
Postboks 153
6851 SOGNDAL

Vår dato: 05.05.2023
Vår ref.: 202306053-2 Oppgi ved kontakt
Dykkar ref.: 2023/429-27

Sakshandsamar: Margit Sandem
Fjellengen, masf@nve.no

NVE sitt innspel - Varsel om oppstart og høyring av planprogram - Områdereguleringsplan for Rutlin / Ulvahaugen - Sogndal kommune

Vi viser til varsel om oppstart av områdereguleringsplan for Rutlin/Ulvahaugen datert 24.03.2023. Føremålet med planen er å legge til rette for bustadområde, knyte saman ny og eksisterande gang- og sykkelveg og ta vare på eksisterande naturkvalitetar.

Om NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å førebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strok (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

NVE sitt konkrete innspel

I følgje [NVE atlas](#) ligg planområdet under marin grense, og ein kan ikkje sjå vekk ifrå at det finst utstabile avsetjingar som til døme leire i grunnen. Vi rår dykk til å nytte prosedyren i kapittel 3.2. i [NVE rettleiar 1/2019 «Sikkerhet mot kvikkkleireskred»](#) så langt som det er naudsynt for å avklare faren for områdeskred av kvikkleire.

Det er eit viktig prinsipp at avklaring av reell naturfare skal skje innan siste plannivå. Klarast går dette fram i [KMD rundskriv H-5/18 «Samfunnsikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling»](#). Det er skildra i planprogrammet at områdereguleringsplan for Nestangen skal legge til rette for vidare detaljregulering. Det vil seie at ein kan velje å utsette avklaring av reell fare på dette plannivået. NVE rår likevel til at skredfaren avklarast no i områdereguleringsplan nivået. Ein tidleg avklåring av om planområdet er skredutsett



vil gjere planlegginga enklare, og ein kan oppnå ein meir heilsakleg samanheng i arealbruken.

Dersom det er reell fare for skred, må det definerast faresonegrensar i medhald av tryggleikskrava til TEK17. Fareområder må innarbeidast som omsynssoner i plankartet, med tilhøyrande planføresegner som sikrar tilstrekkeleg tryggleik. Om det vert behov for tryggleikstiltak, eller restriksjonar på arealbruk for at tilstrekkeleg tryggleik vert sikra, rår vi til at det aktuelle området innarbeidast i planen.

NVE si generelle rettleiing

NVE sin [kartbaserte rettleiar for reguleringsplan](#) er ein rettleiar som leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til korleis de kan ta omsyn til våre tema i reguleringsplanen. Vårt innspel er at de går gjennom denne kartbaserte rettleiaren og nyttar den i planarbeidet. Den som utarbeider planen har ansvar for at desse interessene blir vurdert i planarbeidet.

Vi rår dykk også til å nytte våre internetsider for arealplanlegging. Her er informasjonen og rettleiinga lagt opp etter plannivå, <https://www.nve.no/arealplanlegging/>.

På NVE sine internetsider finn de også koplingar til andre rettleiarar og verktøy. Det ligg også mykje arealinformasjon på [NVE sine kartløysingar](#).

NVE si oppfølging av planarbeidet

Kommunen må vurdere om planen tek omsyn til nasjonale og vesentlege regionale interesser, jf. NVE sin rettleiar [2/2017 «Nasjonale og vesentlige regionale interesser innen NVEs saksområder i arealplanlegging»](#).

Dersom planen rører ved NVE sine saksområde, skal NVE ha tilsendt planen ved offentleg ettersyn. I plandokumenta må det gå tydeleg fram korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeidd i planen. NVE vil prioritere å gi uttale til reguleringsplanar der det blir bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Alle relevante fagutgreiingar innan NVE sine saksområde må være vedlagt planar som blir sendt på høyring til NVE.

De kan ta kontakt med NVE dersom det er behov for konkret bistand i saka.

Med helsing

Øyvind Leirset
Seksjonssjef

Margit Sandem Fjellengen
Førstekonsulent

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.



Mottakarar:
SOGNDAL KOMMUNE

Kopimottakarar:
STATSFORVALTAREN I VESTLAND



Vår dato:

05.05.2023

Vår ref:

2023/5115

Dykkar dato:

24.3.2023

Dykkar ref:

2023/429


SOGNDAL KOMMUNE
Postboks 153
6851 SOGNDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon
Heidi Sandvik, 5764 3151

Fråsegn til varsla oppstart av utarbeiding av områdereguleringsplan for Rutlin / Ulvahaugen i Sogndal kommune

Vi viser til oversending dagsett 24.3.2023.

Planområdet omfattar 155 dekar, avgrensa langs yttersida av Trolladalen og Lunnamyri, undersida av grøntareal på Haugen, langs Rutlinslid, ned langs Leitevegen og Prestadalen.



Samtidig med oppstartvarselet er også eit planprogram på høyring. I planprogrammet er det opplyst at det pågående arbeidet med arealdel for nye Sogndal kommune vil ha verknader for planarbeidet på Rutlin/Ulvahaugen, men at denne førebels ikkje legg opp til store endringar frå gjeldande arealdel. Endringane per no går på å at noko bustadføremål går over til å bli sentrumsføremål og noko sentrumsføremål går over til å bli friområde. Området femner i hovudsak om areal som er sett av til sentrumsføremål og bustader i den gjeldande arealdelen.



I oversendingsbrevet skildrar kommunen målet med arbeidet slik: «*Sogndal kommune ønskjer å utvikle Rutlin/Ulvahaugen til ein del av tettstaden med relativt høg tettheit, gode bukvalitetar og stader der folk kan møtast.*»

«*Sentrale oppgåver i planarbeidet er å legge rammer for eit overordna utviklingsgrep som bygger opp under målet, der ein*

- *legg til rette for bustadområde med høg tettheit og variasjon i storlek*
- *legg til rette for ulike bygningstypar tilpassa området, som gir ein blanda gruppe busette*
- *styrkar og tek i vare eksisterande naturkvalitetar, grøntstrukturar og område for leik*
- *avklarar sentral infrastruktur*
- *knyt saman ny og eksisterande gang- og sykkelvegsamband»*

Der er vidare opplyst at ein stadanalyse for planområdet og sentrale utgreiingar skal utarbeidast tidleg i prosessen for å gje eit bilet over dagens situasjon i forhold til eksisterande kvalitetar, behov og moglegheiter. Utgreiingane skal leggast til grunn for utarbeiding av 1-3 utbyggingsalternativ. Det er utarbeidd ein eigen plan for medverknad.

Merknader frå Statsforvaltaren

Vi ser at det er lagt opp til brei og god medverknad. Det er vist til viktige utviklingsgrep og planprogrammet har med viktige tema for vidare vurdering og utgåing. Vi har for tida ikkje kapasitet til å gå i detalj inn i planprogrammet, men har generelle innspel til fleire sentrale plantema under:

Vi ser at det er lagt opp til brei og god medverknad, og at planprogrammet har med viktige tema for vidare vurdering og utgåing. Vi har for tida ikkje kapasitet til å gå i detalj inn i planprogrammet, men har generelle innspel til fleire sentrale plantema under:

Den sosiale bustadpolitikken

I nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging 2019-2023, s. 29, er det lagt til grunn at kommunane tek bustadsosiale omsyn i planlegginga. I samband med dette viser vi til den nasjonale strategien for den sosiale bustadpolitikken 2021-2024:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nasjonal-strategi-for-den-sosiale-boligpolitikken-2021-2024/id2788470/>

Det vedlagde planprogrammet side 23 viser til følgjande i samfunnsdelen om bustadbygging:
«*Legge opp til blanda bumiljø med variasjon i bustadtypar og -storleikar og gode dele- og fellesskapsløysingar. Fremje kvalitet for bustader og bumiljø, òg for hyblar. Sette grenser for minimum og maksimum storlek for bustader»*

Vi føreset at bustadbehovet vert tilstrekkeleg belyst, og at dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging 2019-2023 s. 29, om at kommunane skal ta bustadsosiale omsyn i planlegginga, vert lagt til grunn for dette planarbeidet i Sogndal sentrum.

Vi gjer elles merksam på at [lov om kommunane sitt ansvar på det bustadsosiale feltet](#) trer i kraft frå 01.07.2023. Lova stiller m.a. krav om at kommunane må ha oversyn over behovet for bustader til vanskelegstilte på bustadmarknaden. Det er òg krav om at oversynet over behovet for bustader for



vanskelegstilte skal inngå som grunnlag for arbeidet med planstrategien til kommunane, og at overordna mål og strategiar for det bustadsosiale arbeidet skal fastsettast i kommuneplanen.

Barn og unge, uteoppahldsareal

For å sikre leikeområde og andre uteoppahldsareal med tilstrekkeleg storleik og kvalitet bør desse planleggast før ein plasserer bustadane i detalj. Planforslaget må vise at krav til storleik og kvalitet på leike- og uteoppahldsareal vert ivaretake, og areala må sikrast i plankartet. Utforming av leikeareal, og tidspunkt for opparbeiding, må vere sikra gjennom krav i føresegnene. Vi rår kommunen til å stille konkrete krav i føresegnene som sikrar at leikeareal får til dømes sandkasse, benk, noko fast dekke og eventuelt inngjerding.

Korleis trygg skuleveg skal sikrast for ungane i buområda må også vere eit tema i planomtalen.

Gode uteoppahldsareal skapar tilhørsle og identitet, og har stor innverknad på helsa og trivselen til den enkelte. Uteareala bør strukturerast og utformast slik at innhald og kvalitet stimulerer til sosial kontakt, livsutfalding og bruk for alle brukargrupper, også for personar med nedsett funksjonsevne. Tilrettelegginga må spesielt tilpassast barn og unge.

Vi viser til rettleiaren om barn og unge i plan- og byggjesak som kom 13.01.2020, og som viser korleis plan- og bygningslova kan vera med å sikre og skape gode oppvekstvilkår for barn og unge.

Universell utforming

Plan- og bygningslova § 1-1 viser til at prinsippet om universell utforming skal ivaretakast i planlegginga og i krav til byggetiltaka. Planarbeidet må gjere greie for korleis omsynet til universell utforming er ivaretatt. Vi viser også til statleg planretningslinje for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, 4.8, «*Planleggingen skal ta høyde for universell utforming og tilgjengelighet for alle, og ta hensyn til den delen av befolkningen som har lav mobilitet*».

Kommunal- og distriktsdepartementet har utforma eigne råd om universell utforming i planlegginga (20.05.2022), https://www.regjeringen.no/no/tema/plan-byggogeiendom/plan_bygningsloven/planlegging/fagtema/universell_utforming/id2815007/

Sjå også regjeringa sin handlingsplan for universell utforming 2021-2025:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/barekraft-og-like-muligheter-etc-universeltutformetnorge/id2867676/>

Folkehelse

Det er viktig å legge til rette for variasjon i bumogleheitene som del i det å skape eit stabilt og varig bumiljø. Det er derfor viktig å legge vekt på at området vert ein god stad å bu for menneske i alle aldrar.

Trafikksituasjonen og mjuke trafikkantar

Dersom det er knytt utfordingar til trafikksituasjonen i området, er det viktig å legge vekt på å finne løysingar som sikrar god og effektiv trafikkavvikling, samtidig som det blir lagt stor vekt på å sikre trygg skuleveg og trygge gangkorridorar mellom bustader, ulike grøntareal/leikeareal, skule og fritidsaktivitetar i og utanfor sentrum.

Støy

Det er viktig at kommunen avklarer støy i reguleringsplanprosessen. Det går fram av T-1442-2021 at: «*Utendørs støy er et plantema og skal være avklart før byggesak... Reelt sett vil kommunen ha begrenset mulighet til å sikre tilfredsstillende støyforhold utendørs gjennom byggesaken...*».



Retningslinene i rettleiar T-1442 må følgjast opp med konkrete føresegner og tiltak i reguleringsplanen. Det må vera konkrete og tydlege føringer i føresegnehøvdingene slik at planen vert ein tydig og føreseieleg for alle, og slik at folk som bur her, ikkje vert utsette for stor støybelastning.

Planforslaget må dokumentere at avbøtande tiltak gjev tilfredsstillande støyforhold i området. Avbøtande tiltak må gå fram av planforslaget, og vera heimla i planføresegnehøvdingene.

Landbruk

Vi forstår det slik atområdereguleringsplanen i hovudsak legg opp til bygging i samsvar med kommuneplan, men legg likevel opp til nedbygging av jordbruksareal.

Vi viser til oppdatert nasjonal jordvernstrategi, 21. mai 2021. Det nasjonale målet er å redusere omdisponering av fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite: «*den årlege omdisponeringen av dyrka jord ikke skal overstige 3 000 dekar, og at målet skal være nådd innen 2025*», jf. Prop. 200 S (2020-2021)».

I følgje Statsforvaltaren sitt brev til kommunane 07.06.22, 2022/7393 *Forvaltning av jordbruksareal i arealplanlegging og sakshandsaming*, tilsvarer Sogndal sin relative del av nasjonalt jordvernål ei omdisponering av maksimum 10 daa/år, rekna etter kommunen sitt totale jordbruksareal, dersom ein skal bidra til å nå det nye, nasjonale jordvernål på maks. 3.000 daa/år innan 2025. Sogndal har dei siste 7 åra ligge på bortimot det dobbelte av dette, og vil ha ei monaleg utfordring i å halde seg innanfor både nasjonale mål, og eigne mål om effektiv arealbruk i ny kommuneplan under utarbeidning.

I den grad planen opnar for bygging på landbruksjord, ser vi det som viktig at det vert stilt krav om høg arealutnytting.

Klimaomsyn

Vi føreset at statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing (FOR-2018-09-28-1469) blir lagt til grunn for planarbeidet. Planretningslinja viser mellom anna til: «*Arealer som vurderes tatt i bruk til utbyggingsformål i kommune- og reguleringsplaner kan være utsatt for farer, som for eksempel flom og skred. Utbygging kan også øke påkjenningen for nedenforliggende arealer. For å kunne forebygge tap av liv, helse, kritisk infrastruktur og andre materielle verdier er det nødvendig at det, gjennom risiko- og sårbarhetsanalyser tidlig i planprosessen, vurderes om klimaendringer gir et endret risiko- og sårbarhetsbilde.*

Ved planlegging av nye områder for utbygging, fortetting eller transformasjon, skal det vurderes hvordan hensynet til et endret klima kan ivaretas. Det bør legges vekt på gode helhetlige løsninger og ivaretakelse av økosystemer og arealbruk med betydning for klimatilpasning, som også kan bidra til økt kvalitet i uteområder. Planer skal ta hensyn til behovet for åpne vannveier, overordnede blågrønne strukturer, og forsvarlig overvannshåndtering.

Naturmangfold

Det må gjennomførast ei vurdering av dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova (nml.) §§ 8-12, jf. nml. § 7. Utgreiingskrava til temaet naturmangfold må stå i forhold til omfanget av det planarbeidet legg opp til.



ROS-analyse

Kommunane skal mellom anna fremje samfunnstryggleik i planlegginga si. Plan- og bygningslova § 4-3 stiller difor krav om ROS-analyse i alle plansaker, samt krav til oppfølging av avdekt risiko og sårbarheit, m.a. gjennom bruk av omsynssoner i plankartet med tilhøyrande krav i planføreseggnene. ROS-analysen skal vise risiko og sårbarheit som har betydning for om arealet er eigna til utbygging eller ikkje, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging.

TEK17 definerer kva som er akseptabel risiko for flaum og skred i §§ 7-2 og 7-3. For andre typar risiko må kommunen sjølv gjere greie for kva ein reknar som akseptabel risiko. Alle risiko- og sårbarheitstilhøve skal merkast med omsynssone på plankartet. Krav til risiko og/eller sårbarheitsreduserande tiltak skal gå fram av planføreseggnene.

Medverknad og digital presentasjon

Vi oppmodar kommunen om å leggje planforslaget ut på internettkartet ved høyring. Planomrisset bør visast no. Dette er viktig for å gjere det enklare å medverke for folk. Slik kan dei sjå eventuelle konsekvensar og samanhengar lettare.

I denne samanhengen viser vi òg til «Norge digital plansatsinga for 2018-2020»:

<https://www.geonorge.no/globalassets/geonorge2/avtaler-og-bilag/norge-digitalt/info-nd-plan-modell-2018-2020-versjon-pr-23022018.pdf>

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Heidi Sandvik
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vestland fylkeskommune
Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE

Postboks 7900
Postboks 5091 Majorstua

5020 BERGEN
0301 OSLO



Statens vegvesen

SOGNDAL KOMMUNE
Postboks 153

6851 SOGNDAL

Behandlande eining: Sakshandsamar/telefon: Vår referanse: Dykkar referanse: Vår dato:
Transport og samfunn Sivert Faye / 47299448 23/57757-2 2023/42-27 03.05.2023

Innspel til områdereguleringsplan Rutlin/Ulvahaugen –Sogndal kommune

Viser til brev datert 24.03.2023.

Saka gjeld

Formålet med planarbeidet er å legge til rette for eit bustadområde med relativt høg tettheit, god arkitektur med livsløpsstandard, i eit utbyggingsmønster som skapar gode uteområde der ulike menneske kan møtast. Bustadområdet ligg i gangavstand frå Sogndal sentrum, og det kan vere aktuelt å opna for etablering av bustad tilknytt næring, til dømes kafé og nærbutikk og tenesteyting.

Områdeplanen skal på den måten leggje til rette for at området Rutlin/Ulvahaugen får eit overordna utviklingsgrep, framfor «lappeteppeplanlegging». Samfunnsplanen sitt mål om attraktive tettstader, kommunens strategiar og temoplanar, arealplanen, og nasjonale og regionale føringar, skal ligge til grunn for planen og tiltak etter plan- og bygningslova. Områdeplanen skal leggje til rette for vidare vekst med ein tidshorisont på 30 til 40 år fram i tid.

Statens vegvesen sin rolle i planlegginga

Statens vegvesen har ansvar for at føringar i *Nasjonal transportplan* (NTP), *statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging*, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar blir ivaretakne i planlegginga. Statens vegvesen sitt samfunnsoppdrag er å utvikle og leggje til rette for eit effektivt, tilgjengeleg, sikkert, og miljøvennlig transportsystem.

Vi uttalar oss på vegne av staten som forvaltar av riksveg og etaten sine eigne kulturminne, og som statleg fagmyndighet med sektoransvar innanfor vegtransport. Statens vegvesen sitt sektoransvar for vegnettet inneber eit overordna ansvar for at trafikksikkerheit, klima- og

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

miljøomsyn, og heilskapleg bypolitikk blir ivareteke i alle planforslag som vedkjem samferdsel. Dette gir oss rett til å stille krav til både statlege, fylkeskommunale og kommunale vegar, gater og løysingar for gåande og syklande.

Våre innspel

Planprogrammet er utfyllande og har teke med relevante tema, mål og overordna føringar ut frå våre interesser og ansvarsområde. Vi legg til grunn at desse blir følgt opp i planen, og at det synleggjerast korleis planen bidreg til å oppfylle dei.

I kapittel 6 i planprogrammet om trafikk, bør også trafikkmengd og trafikksikkerheit inngå blant tema som skal greiast ut. Det er viktig å avklare behov for nødvendige tiltak i kryss og avkjørsler og tilbod for mjuke trafikantar på eit overordna nivå, slik at det kan følgast opp med eventuelle rekkefølgjekrav for nye tiltak og i detaljreguleringsplanar. Vi vil rá til at det blir gjort ei trafikkanalyse som ser på konsekvensane for trafikkmønster ved etablering av ny veg mellom Rutlinslid og Dalavegen.

Det bør synleggjerast korleis planen bidreg til målet frå samfunnsdelen om å redusere biltrafikk og legge til rette for gåande og syklande. Skuleveg må også vurderast.

Løysing for renovasjon, varelevering og snuplass for store køyretøy bør og vurderast i detalj, da dette er arealkrevjande. Gode og trafikksikre løysingar, spesielt for mjuke trafikantar i kombinasjon med store køyretøy i anleggsperioden bør vurderast.

Vegnormal N100 gjeld for all offentleg veg. Vi legg til grunn at N100 blir følgt ved planlegging av ny veg/gate og kryss. Sikt og siktsoner må gå fram av planen. N100 gjeld og ved utbetring av eksisterande kryss og avkjørsler. Eventuelle fråvik bør vere behandla før planen sendast på høyring.

Vi legg til grunn at planen vil innehalde relevante rekkefølgjekrav som sikrar gjennomføring av trafikksikkerheitstiltak og opparbeiding av tilbod for mjuke trafikantar i samband med den utbygginga det blir lagt til rette for. For å sikre god tilkomst i anleggsperiode, bør det bli sett rekkefølgjekrav som sikrar opparbeiding av avkjørsler, kryss og tilbod for mjuke trafikantar før anna byggearbeid blir sett i gang.

Konklusjon

Vi viser til våre innspel, og ber om at dei blir teke med i det vidare planarbeidet.

Transport vest – transportforvaltning 1

Med helsing

Torun Emma Torheim
Seksjonsleiar

Sivert Faye

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

STATSFORVALTAREN I VESTLAND, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER
VESTLAND FYLKESKOMMUNE, Postboks 7900, 5020 BERGEN



Miljøretta helsevern

Interkommunalt samarbeid i Indre Sogn

Sogndal kommune

4.5.23

Helsevernuttale til planprogram Rutlin/Ulvahaugen

Miljøretta helsevern Indre Sogn uttaler seg som helsemyndighet. Lov om folkehelsearbeid § 4.3, pålegge helsetenesta, gjennom råd og uttalar, å medverke til at helsemessige omsyn blir ivaretakne i andre offentlege organ si planlegging.

Vi viser til planprogram Rutlin/Ulvahaugen- områdereguleringsplan. Føremålet med planen er: «*å utvikle Rutlin til ein del av tettstaden med relativt høg tettheit, gode bukvalitetar og stader der folk kan møtast*».

MHV ved Linda Øy og Elin Åsnes Øvretun har gått rundt i planområdet og sett på risikoforhold som må omsyntakast og om det er noko som er verdt å bevare for framtida. Området Rutlin/Ulvahaugen framstår i dag som ope, grønt og to store viktige naturleikeplassar med nærmiljøanlegg. Dette blir viktig å ivareta og behalde. Forsking syner at born og unge er mykje meir aktive på naturleikeområder enn på tilrettelagte leikeplassar (1). Dette er også i tråd med føremålet i planprogrammet – å utvikle område med stader folk kan møtast.

MHV har følgande merknader til planane:

Etablering av nærmiljøanlegg

Nærmiljøanlegget, populært kalla, «Gamma» med fotballbane ligg på ein høgde på Rutlin. Området er mykje brukt av elevar frå skulen på dagtid og elles av barn på ettermiddagen. Og litt lenger oppe ved byggefelt i Rutlinsli ligg tilsvarande leikeplass, med ballbinge og skogområde, samt fin tursti ned til Dalavegen. Desse områda er viktige å behalde som nærmiljøanlegg og nærmiljøleikeplass, da det er eit verdifullt aktivitetstilbod for barn og unge der ein har god moglegheit til uorganisert leik og utfalding i skogsområde. Områda er også fine møteplassar for menneske i alle aldrar og funksjonsnivå. Sjå biletet 1. Det blir viktig å legge til rette for tilgjenge for personar uansett funksjonsevne.



Miljøretta helsevern

Interkommunalt samarbeid i Indre Sogn



Bilete 1: Dei raude sirklane syner dei to viktige grøne lungene som må ivaretakast.

Det blir også viktig å ta omsyn til plassering av bustadar nær desse nærmiljøanlegga, då det erfaringmessig kan bli konfliktar mellom brukarar av slike anlegg og bebuarar i nærliken årsaka støyande aktivitetar frå til dømes ballspel, musikk, skateanlegg etc. Det er difor viktig at det i planbeidet leggast til grunn at følgjande rettleiar blir nytta: [Støyvurdering ved etablering av nærmiljøanlegg – Veileder.pdf \(helsedirektoratet.no\)](#).

Støy og støv i anleggsperioden

Delar av planområdet er omkransa av bustader, og det er også nokre bustader i planområdet. På grunn av planens omfang vil disse bli utsett for støy over lang tid, og tidsrommet de vil være utsett for støy vil i tillegg være uforutsigbart sidan utbygginga vil skje stykkevis på dei ulike delområda. Det er difor særdeles viktig at reguleringsbestemmelsane legg til grunn at Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging, [T-1442](#) skal følgast i bygge- og anleggsfasen. Dette må også følgast opp i praksis. Vi anbefaler at reguleringsbestemmelsane også set krav til støyutredning av bygge- og anleggsfasen.

Indre Sogn psykiatrisenter ligg nært planområdet, og pasientar kan bli utsett for støy i bygge- og anleggsfasen. I tillegg kan delar av utbygginga føre til støvbelastning. Det er derfor viktig at det at det lagast ein plan for korleis ein skal sikre tilfredsstillande støyforhold for pasientar som er innlagde på institusjonen.

Jordbruksareal ved Rutlin gard.

Ved Rutlin gard er store delar av området jordbruksareal og mykje av dette arealet har vore nytta til fruktdyrking. Dersom dette arealet skal nyttast til leikeplass ber vi om at det leggast inn krav i reguleringsbestemmingane at «Veileder for undersøkelse av jordforurensing i nye barnehager og lekeplasser [TA-2261](#)» følgast.



Miljøretta helsevern

Interkommunalt samarbeid i Indre Sogn

Trafikktryggleik

Det må leggast til rette for gode ferdsselsårer for gående og syklande ned til sentrum. Det bør stillast krav om at vegnett, med nye eller forbetra fortau og sykkelvegar blir bygd før bustader og næringsverksemder får takast i bruk.

Nærleik til barnehage og skule

Det leggast opp til fortetting og mange bustader i området. Det er difor viktig med nærleik til barnehage og skule. Det er forholdsvis kort veg både til Trudvang skule, Kvåle og skulane der, samt Fosshagen barnehage. Men det bør vurderast om det er behov for å sette av areal til å bygge barnehage i planområdet.

Nærleik til butikkar og sentrumsføremål

Det er forholdsvis kort veg til sentrum med variert tilbod av foretningar. Men det er bratt fra sentrum og opp til planområdet, og det kan hindre mennesker med nedsett funksjonsevne å gå eller sykle til sentrum. For å unngå bilkøyring i størst grad bør det settast av areal til næringsverksemder som matvareforetningar, frisørsalongar, etc. Det bør også vurderast å legge til rette for kollektivtransport i området.

Med helsing

Linda Øy

ingeniør miljøretta helsevern

Elin Åsnes Øvretun

leiar miljøretta helsevern

Referansar

1. Nordbø, E.C.A., et al., Neighborhood green spaces, facilities and population density as predictors of activity participation among 8-year-olds: a cross-sectional GIS study based on the Norwegian mother and child cohort study. BMC Public Health, 2019. 19(1): p. 1426.

Fra: Mie Dahl Pind[mie.dahl.pind@gmail.com]
Sendt: 07.05.2023 21:35:23
Til: Postmottak Sogndal kommune[Postmottak@sogndal.kommune.no]
Kopi: Vestre Leite[vestre.leite@gmail.com];
Tittel: Innspel til Områdereguleringsplan for Rutlin/Ulvahaugen

Hei

Eg ser at fristen for innspel til områdereguleringsplan for Rutlin/Ulvahaugen var 5.mai, men eg håber alligevel at de vil ta med mitt innspel.

Eg er medlem av styret for Vestre Leite grendalag, men skrive dette innspel som privatperson, da vi ikke har hatt tid til å diskutere saken i styret.

Vestre Leite grendalaget har som hovudformål å arbeide for eit godt bu- og oppvekstmiljø. Grendalaget er ansvarleg for drift og vedlikehald av nærmiljøanlegget/leikeplassen i Rutlinslid. Eit område om grenser opp til planområdet. Etter men meining er Vestre Leite grendalag ein viktig aktør i medverknadsprosessen.

Styret i vestre Leite Grendalag har satt i gang eit prosjekt, der vi ynsker å utvikle det regulerte friområde i Rutlinslid til å bli ein plass som i langt større grad enn i dag motiverer til leik, fysisk aktivitet og sosial samvær for barn, unge og voksen i nærmiljøet.

Nærmiljøanlegget i Rutlinslid er har god beliggenheit og er ein viktig møteplass i nablaget. Området fremstår i dag som slitt og umoderne. Området treng eit stort løft for å leve opp til samfunnet og befolkninga sine ønsker og behov for eit moderne og attraktivt nærmiljøanlegg. Ein ny generasjon veks no, og det er stort behov for gode leike- og aktivitetsområda som kan konkurrere med tiden bak skjermen. Det har dei siste årene komme økt kunnskap og fokus på korleis ein byggar inkluderande møteplassar for eigenorganisert idrett og fysisk aktivitet. Vestre Leite Grendalag har difor satt i gang eit prosjekt for å leve ut potensialet til nærmiljøanlegget i Rutlinslid og løfte det til ein attraktiv møteplass for eigenorganisert aktivitet for barn, unge og voksne i nablaget. Vi holde spå å søke mildar til prosjektet sine to første tiltak: rehabilitering av ballbinge og etableringa av pumptrack. Per dags dato har vi fått 280 000 kr frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane og 100 000 kr frå Luster sparebank, samt 23 500 kr frå Sogndal kommune, og iv venter svar på fleire søknader.

Der går ein populær «snarveg» gjennom friområdet, som mange i nablaget brukar heile året til og frå heimen og diverse aktivitetar i sentrum. For fleire av nablaget sine barn og unge er dette raskeste gangvegen til og frå skule. Snarvegen er primært ein gangveg, og er lite egnet for sykkel og barnevogn. Snarvegen legg i grensa til planområder, og eg spelle in at snarvegen er viktig, og at den godt kunne godt trenge til ein oppgradering, slik det bliv enklere til døme å trille barnevogn.

Det er planar om 29 nye bueiningar i Leikgjerde buområde som ligg om lag 100m fra leikeplassen. Det er tilrettelagt for barnefamilier og det er oppgitt i reguleringsplanen at leikeplassen på Rutlinslid. I reguleringsplanen for dette prosjekt står det "Områdieleikeplass i Rutlinslid: I kommuneplanen heiter det at det bør byggjast områdieleikeplass i alle område kor det vert etablert 15 eller fleire bueiningar. Arealkravet er definert til minimum 1500 m² med avstand til leikeplass på 200 meter. Terrenget innanfor planområdet er bratt, og det er svært utfordrande å etablere samanhengande områdieleikeplass på 1500 m² med større flate og universell tilkomst. Det vert difor lagt opp til å sjå eksisterande områdieleikeplass på Rutlinslid i samanheng med ny utbygging. Det skal etablerast gangsti frå planområdet til leikeplassen, som skal følgje terrenget på nedsida av vegen Rutlinslid. Avstanden frå planområdet til leikeplassen er på om lag 100 meter. Føremålet er at ny utbygging på Leikgjerdet skal leggje til rette for nye aktivitetar/leikeapparat utanfor eksisterande ballbinge."

Når Sogndal kommune skal utvikle Rutlin/Ulvahaugen til ein del av tettstaden med relativt høg tettheit, gode bukvalitetar og stader der folk kan møtast, må de tenke på at

nærmiljøanlegget/leikeplassen i Rutlinslid er ein naturleg møteplass i området. Med utbygging i Leikgjerde og Rutlin/Ulvahaugen vil det bety at enda fleire barn vil benytte leikeplassen og området som Vestre Leite Grendelag er ansvarlig for drift og vedlikehold av. For at dette skal opprettholdes som et attraktivt sted å være og kan presenteres som en inkluderende leikeplass for små og store innflyttere trenger vi midler, og hjelp til å få nærmiljøanlegget/leikeplassen til å fremstå som ein fin og attraktiv møteplass.

Mvh. Mie Dahl Pind